

<http://www.israelmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

21. søndag i treeiningstida – 13. oktober 2013

Preiketekst: Luk 12, 13-21

Lesetekst I: Fork 5, 9-14

Lesetekst II: 1 Tim 6, 6-12

Når rikdom vert til fattigdom

Ingen skal kunna seia om Jesus, eller Bibelen elles, for den del, at talen er uklar! Tekstane for denne dagen, er meir enn klare. Ja, så klare at me kanskje heller kunne ønskja oss at budskapet var litt meir tvetydig!?

Så er det nesten som ein slags ”skjebnens ironi” at desse tekstane kjem midt oppi tida med regjeringsskifte og statsbudsjett og alt som fylgjer med. Endåtil reduksjon eller heilt fjerning av arveavgift er ei viktig politisk sak for den borgarlege sida av politikken! Så snakk om timing!

Ein og annan kan kanskje tenkja at det er godt at ein er bortreist, sidan denne helga også omkransar haustferien, for veldig mange, i det minste! Så slepp ein å ta inn over seg det Jesus formidlar til oss denne dagen?

Arvesaker er som regel krevande

Kva er utfordringane? Og vågar me å sjå dei inn i kvitauga?

Det tek til med ei arvesak. Diverrre er eg redd for at det er noko som mange har dårlege røynsler frå. Bibelen gjev oss meir enn ein tekst der slike spørsmål er i fokus. Sjølv om setting og kontekst ligg fleire tusen år frå vår tid, så er fenomenet det same: Me slit med å verta samde om det me skal dela og arva. Så altfor mange har opplevd at der det før arvesaka hadde vore eit godt samhald innan familien, der sprakk det etterpå. Det er på den andre sida ein stor nåde og velsigning når ein søskenflokk i fred og forståing kan gjera opp etter at foreldra er borte, utan at det skal vera kiv og splitting. Somme har gode røynsler her; det skal ikkje skjulast! Takk og lov!

Jesus avviser elles å gå konkret inn i arvesaka. Men han nyttar denne arve-saka til ein generell budskap – både til alle dei som stod flokka om han, og alle oss som les og høyrer denne talen no i dag!

Mykje vil ha meir

I alle gudstenester er også tekstane frå Forkynnaren og 1 Timoteus brev lesne. Det ville vera godt om desse kunne få klinga med i alle slags møte og gudstenester og samvær, for sanneleg understrekar desse tre tekstane for kvarandre kor radikal Jesus er, og kor samstemt Bibelen er når han omtalar slike spørsmål. Om nokon skulle vera i tvil om akkurat det!

Pass dykk for havesjuka – eller pengebegjær, som ein ofte omset det med på bokmål! Det er ikkje det ein eig, som gjev livet meining; sjølv om ein skulle ha overflod! Det er Jesu utfordrande budskap. Av og til er det nettopp i arvesaker at denne sjuka kjem tydelegast fram! For å seia det med Øystein Sunde: Sånn er det bare!

Åtvaring til oss alle

Jesus går så over til å fortelja likninga om bonden som gjorde det godt, som fekk store avlingar, og som bygde ut anlegget sitt, for å få plass til endå meir! Dette er ikkje ei åtvaring til bøndene, først og fremst. Likninga er til oss alle, uavhengig av utdanning og yrke. Nokre byggjer løer, medan andre investerer i svære hytter og hus. Eller båtar. Eller aksjar. Eller turisme. Det kan vera så mangt! Me har alt, men det er og alt me har; er ein ny setning som ofte vert sitert.

Sjølvsagt er det ikkje synd korkje å byggja eller investera! For all del; samfunnsbyggjande verksemd er eit gode! Men å leggja sjela i det; framtida, ja æva; og kanskje lata som om Gud ikkje finst? Då kan det enda heilt gale! Så lat ikkje rikdomen din verta til åndeleg og æveleg fattigdom!

Bonden i teksten står desse haldningane: Slå deg til ro, et, drikk og ver glad! Nyt livet. Det er ikkje så farleg. Me har det godt her i Norge, kan me leggja til. (Og no med nytt politisk leiarskap er det saktens dei som tenkjer at me skal få det endå betre!)

Jesus minner oss om det me alle veit: Ein dag tek dette livet slutt! Kva så med all vår rikdom? Har me då noko hjelp av alt det me arva, og alt det me skaffa oss i tillegg?? Nei, me fer herifrå ofte like nakne og hjelpelause som me kom inn i verda!

–Du kan ingenting ta med deg dit du går, song Cornelius Vresvijk for nokre år sidan. Sanneleg er det sant. Og det var flott at ein artist på den måten kunne få minna folk om noko særst viktig!

Rike i Gud

Er me rike i Gud? Ja, i Jesus Messias er me rike i Gud. Då har me alt, og eig me alt. Og Bibelen syner oss at det går an å vera rike også i jordisk forstand, og forvalta rikdomen på ein slik måte, at andre får glede og nytte av midlane og ressursane våre – samstundes med at me sjølve kan få vera rike i Gud!

Men det skal mykje nåde til! For me har så lett for å kara til oss sjølve. Me veit inderleg vel at ei gåve vert til glede både for gjevar og mottakar; og at det ein deler, aukar i verdi. Og me veit at det ein karar til seg sjølv, det minkar i verdi. Ein rikdom kan ofte vera kald. Men tek me konsekvensen av det me veit?

Teksten for denne sundagen er ein liten del av ein lang tale Jesus heldt. Ja, egentleg er det fleire talar etter kvarandre. For folk flokkar seg om han, sjølv om han innimellom freistar å bryta opp og nærast rista folk av seg. Så gale var det at folk heldt på å trampa kvarandre ned (12,1). Og det er noko forunderleg over den radikale budskapet Jesus forkynner, og at det likevel kjem så mykje folk og vil høyra. Samstundes skal me ikkje skjula at budskapet vekte motstand. Somme av tilhøyrarane var rasande, og leita etter noko dei kunne ta han på (11,53f).

Er det noko for oss i kyrkje og misjon å læra også her?

Paul Odland

Misjonssekretær i Den Norske Israelsmisjon, Stavanger krins. Utdanna diakon. Tidlegare tilsett i Lunde Forlag, IMF, Dagen og NLA.

paul.odland@lyse.net